

Eldrerådet kom i møte 10. september med innspel til budsjettet for 2019. Kommunalsjefen kjem her med tilbakemelding til eldrerådet.

ELD - vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjett for 2019:

Eldrerådet ber om at ein ser på mulegheten til å nytta romma 151-154 på Velferdssenteret i tilknyting til Dagstova. Dette for å kunne gje eit meir individuelt og variert tilbod på dagavdelinga.

Eldrerådet etterlyser dagtilbod for ulike brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til tilbod.

Rådet har inntrykk at det er eit udekka behov for aktivitetar på dagtid, og ber om ei kartlegging. Å sikra dagtilbod for ulike brukargrupper vil vera førebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten jfr kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018-2028.

Tilbakemelding på innspel frå Eldrerådet:

Romma 151-154 på Velferdssenteret er i dag nytta til kontor for omsorgsteknologi, til undervisning (OMSUT) og til lager, og kan på dette tidspunktet ikkje omdefinerast til anna bruk.

Dagtilbod til brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til, er ivareteke i dei tilbod som er gitt gjennom den kommunale Frivillighetssentralen. Det er pensjonisttreff kvar tysdag og torsdag kl 10.00- 1300 i Gamle Prestgarden, med mulighet for å kjøpa middag den eine dagen. I regi av Frivillighetssentralen er det også fleire andre tiltak for ulike behov.

Andre frivillige lag/organisasjonar driv også tilbod .m.a. har LHL strikkeklubb ein gang i veka.

VI arbeidar med overgang til Alver kommune, og det vil truleg i den samanheng verta ei kartlegging over dei ulike aktivitetstilbod i kommunaneo g korleis det framtidig skal riggast for å gje gode og varierte tilbod til ulike brukarargrupper. Ei kartlegging vert difor foreslått avvernta inntil vidare.